

A red speech bubble graphic with a white outline, pointing downwards. The text is centered within the bubble.

Velkommen til
foreldremøte 18.9.2024

Me opplever
gleda ved å
meistre og nå
måla våre!



Ny opplæringslov
Trygt og godt
skulemiljø
Informasjon



Tilsette

- 1.-4.trinn Beathe, Reidun og Hanna
- 5.-7.trinn Asgeir, Torill, Magreta og Rune
- Avdelingsleiar og sosiallærer: Asgeir Lystvet
- Rektor og pedagogisk ressursperson: Ingveig Nærland Ødegård
- SFO: Tove-Elin, Dersim, Kristin og Gard
- Olaug og Silje er brukerstyrte personlege assistentar (BPA) og er med både i skule og på SFO.

Pedagogisk ressursperson og sosiallærer

- **Asgeir Lystvet – Sosiallærer og Olweus kontakt**
- **Ingveig Nærland Ødegård – Pedagogisk ressursperson**
 - **11-2. Tilfredsstillande utbytte av opplæringa**
 - Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skolen setje i verk eigna tiltak, jf. [§§ 11-1](#) og [11-3](#). (intensiv opplæring på 1. til 4.trinn)
 - Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i [§§ 11-4](#), [11-5](#) og [11-6](#).
 - §11-4 Personleg assistanse
 - §11-5 Fysisk tilretteleggig og tekniske hjelpemiddel
 - §11-6 Individuell tilrettelagt opplæring

Opplæringslova kap. 12 Skulemiljøet til elevane

- §12-2 «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.»
- Kva betyr det i praksis?
- §12-3:
 - Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
 - Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.
- «Mobbeknapp» på heimesida

Opplæringslova §12-4 aktivitetsplikt

- Alle som arbeider på skolen, skal følge med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.
- Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Opplæringslova §12-4 forts.

- Skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå
 - kva problem tiltaka skal løysa
 - kva tiltak skolen har planlagt
 - når tiltaka skal gjennomførast
 - kven som skal gjennomføre tiltaka
 - når tiltaka skal evaluerast
- Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

Opplæringslova §12-5

- Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.
- Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.



Trygt og godt skulemiljø

- Time kommune driv med systematisk arbeid for å få eit trygt og godt skulemiljø.
- Zippys venner og Eples venner – program for styrking av sosial kompetanse 1.- 4. trinn.
- Olweus for 5.-7.trinn. Anitmobbeprogram.
- Gleding
- Aktivitetsleiarar (elevane sjølve)
- Folkehelse og livsmeistring på timeplanen
 - Felles sosiale mål for heile skulen kvar månad
- Til saman har elevane ein time i veka til målretta arbeid på kvart trinn

Venner på
skulen

- <https://m.youtube.com/watch?v=cn0MDhbdrR8>

Trygt og godt skulemiljø



- Laget rundt læraren og eleven
- Inkluderande skulemiljø
- Klassesetrvsel

Helsesjukepleiar

- Tilstades på skulen kvar tysdag og annakvar torsdag.
- Sjå heimesida – skulehelsetenesta – for meir informasjon

- Familiesenteret er eit tilbod til familiar med barn i alderen 0-18 år.
- Hos oss kan du få støtte og veiledning i foreldrerolla og hjelp til å styrka samspelet i familien.
- Familiesenteret tilbyr og samtalar til barn og ungdom som har utfordringar eller psykiske helseplagar som dei treng hjelp til å meistra.



TA DIREKTE KONTAKT PÅ
TELEFON
51 77 61 11

Eller send ei e-post til:
[familiesenteret@time.kommune](mailto:familiesenteret@time.kommune.no)
[.no](mailto:familiesenteret@time.kommune.no)

Vi held til i 2.etg over Bryne
helsestasjon, i Hulda
Garborgsveg 8.

Utviklingsområde:
Motivasjon og engelsk



Ordens og trivselsreglar

Kommunen sine ordensreglar

På heimesida – diverse dokument

Lokale trivselsreglar for Hognestad skule og SFO

På heimesida – diverse dokument



Nærvær og frávær



- Rettleiar ligg på
- Time kommune si heimeside
- Kva er høgt frávær?

Digital praksis Hognestad skule

Elevane våre skal utvikla alle dei grunnleggjande ferdigheiter; lesing, skriving, rekning, munnlege og digitale ferdigheiter i faga me har på skulen.



Skulen tenkjer det må vera ein balanse mellom digitale og analoge læremiddel.



Bruken skal vera gjennomtenkt og hensiktsmessig. Den skal skapa inkludering og fellesskapskjensler.



Skulen ønskjer å driva praktisk, relevant, utfordrande og variert undervisning.



Me seier ja takk til begge deler - både det digitale og det analoge.

Kva betyr det?

Lærar gjer kvalifiserte val

Lærar vel det verktøyet som er mest hensiktsmessig

Me bruker iPad når den kan tilføra noko ekstra i forhold til blyant og papir.

Me bruker iPad når den kan gjera nok meir for oss.

Heimesida

- På trinnet finn du
 - Info om ting som skjer på trinnet
 - Timeplan
 - Vekeplan
 - Bilete frå turar og liknande
- På framsida
 - Nyheiter som gjeld alle

 - Hugs å abonnera på dei sidene du ønskjer å halda deg oppdatert på!
 - Minskole/hognestadskule.no

IPad

- Alle elevane har sin eigen iPad
- Leasingavtale i 5 år
- Skriv under på avtale – samtykke i Visma Flyt (logg inn via heimesida).
- Får ***eitt*** tastatur pr avtale
- Smart med cover, eller bruk boksen som tastaturet kjem i
- Meld frå med ein gong om det oppstår skade på iPad
- Originalladar skal leverast inn saman med iPad og tastatur mot slutten av 5.trinn og slutten av 8.trinn

Visma og Min Skole-app

- Visma
 - Viktig at alle opplysningar her er oppdaterte
 - Hugs å fylla ut alle samtykkeskjema – gjeld og iPad
- Min Skole-app
 - **Last ned og bruk! Gjer det no mens du sit her**
 - Meldebok
 - Kommunikasjon skule heim

Sykling

- Trygg trafikk anbefalar sykling frå 5.trinn
- Lurt å sykla gjennom skuleveg saman med eleven
- SU anbefalar å leia sykkelen over gangfelta ved vegen.
- Viss du vil at bilen skal stoppa må du gå over gangfelta...
- Sykkelparkering – sykla ved ballbingen og inn, ikkje gjennom skulegarden.

Trafikk

- **Skyss**
 - Eigen artikkel om skyss på heimesida
- **Køyring av elevar til skulen/SFO**
 - Slepp av elevane på parkeringsplassen ute langs vegen
 - Trygg parkering
 - Skulen ønskjer at ingen parkerer eller slepp av ved porten
- **Fokus på trafikksikkerheit**
 - Trafikkdag 4.10
 - Generelt fokus på trygg ferdsel i trafikken
 - Hognestad skule er ein trafikksikker skule

FAU 2023-2024	Hovud	Vara
1.trinn	Silje Fosse (mor til Hanne)	Endre Grødem (far til Karen)
2.trinn	Ingrid Underhaug Nielsen (mor til Lukas) Nestleiar	Marita Torland (mor til Bjørghild)
3.trinn	Karoline Bekkelund (mor til Mika)	Lisa Seel (mor til Hannes)
4.trinn	Lena Taksdal (mor til Lydia)	Heidi Sortland (mor til Emilie)
5.trinn	John Sægrov Holm (far til Casper)	Henriette Njølstad Haugland (mor til Håvard)
6.trinn	Kristian Hognestad (far til Torjer) Leiar	Tommy Hognestad Liland (far til Viktor) Kasserar
7.trinn	Zofia Nedrebø (mor til Henrik) Sekretær	Tormod Gausel (far til Cornelia)
KFU SU og SMU 17.mai-komite	Kristian Hognestad Kristian Hognestad og Ingrid Underhaug Nielsen	17. mai-komite 5.trinn: Anne Lovise (mor til Jenny), Håvard (far til Ludvig), John (far til Casper) 6.trinn: Daniela (mor til Lillja), Tommy (far til Viktor), Trond (far til Tore)

Forventningar – frå skulen til dei føresette

- Har ansvar for at elevane møter presis på skulen – vakne og opplagde
- Les informasjon frå skulen og gjev informasjon når noko skjer som kan påverka skuledagen til eleven.
- Gjer beskjed når eleven er fråverande eller for sein (Min Skole app)
- Følgjer opp skulearbeidet ved å høyra når eleven les og sjekker leksene.
- Ser til at eleven har med seg naudsynt utstyr og sunn skulemat
- Tek kontakt med læraren eller leiinga om de har spørsmål, eller ønskjer å gje konstruktive tilbakemeldingar.
- Snakkar positivt om skulen – har god dialog med skule og lærar – er på lag!
 - **ER MED Å GJERA SKULEN GOD!**

Forventningar – frå dei føresette til skulen

- Er godt førebudd i møte med eleven og legg til rette for god læring.
- Legg vekt på eleven sin trivsel og arbeidar aktivt for å førebyggja mobbing.
- Gjennomfører foreldremøter, utviklingssamtaler og samarbeidsmøter og elles har kontakt med heimen etter behov.
- Gjev informasjon om det som skjer på skulen gjennom vekeplanar, heimesida, Min Skole o.l.
- Er opne for innspel og meiningar frå foreldra om skulen vår.
 - **ER MED Å GJERA DEI FØRESETTE GODE!**

Ta kontakt

- Me ønskjer å gje barnet dykkar den beste skulegangen han/ho kan få. Då er me avhengige av:
 - At de tek kontakt om de lurar på noko
 - At de gjer oss tilbakemeldingar
 - At me kan samarbeida
 - At me gjer kvarandre gode